

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 63	Utkommer hver måned	Desember 1935	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	6. årg.
--------	---------------------	---------------	--	---------

Bønn.

Herre Jesus Kristus, når vi tenker på at du har forlatt din herlighet ved Guds trone og er kommet ned til denne jammerdal for å lide og dø for oss: Da må våre hjerter fylles av takk og kjærlighet. Å Herre, lær oss å se på dig, å følge ditt eksempel, fornekte oss selv og overvinne verden, for at vi kan være dine rette barn. La hunger og tørst etter dig og din rettferdighet fylle våre hjerter, så at Gud kan ha ære og jorden fred. Amen.

Gud skje lov.

Lovet være du, Jesus Krist,
at du menneske vorden est,
født av en jomfru, ren og skjær,
gledelig hilst av himlens hær!

O Gud skje lov!

Du, Gud Faders enbårne sønn,
mann i lys, men dog Gud i lønn,
underfullt klædd i kjøtt og blod,
kom på vår brøst å råde bot.

O Gud skje lov!

Verden går i ditt ledebånd,
dig dog svøper en kvinnes hånd.
Du er den store som makter alt,
blev dog på skjød barnlille kallt.

O Gud skje lov!

Fattig kom du til jorden ned,
adlede armød og usselhet.
Fattig gjorde du dig med flid,
rike blev vi til evig tid.

O Gud skje lov!

Konge er du blandt konger best,
änders konge blev støvets gjest,
fører oss op fra skyggedal
hjem til sin lyse kongesal.

O Gud skje lov!

Det store under.

Kristentru er tru på det underfulle. Underet er det kjæraste barn som trua har, er det ein som har sagt. Heile kristendomen, frå fyrst til sist, er eit einaste stort under. Og det som joleevangeliet fortel um, er ikkje noko undantak frå den regelen.

Vi stig i våre tankar inn i ein stall i Betlehem. Det er lågt og myrkt inne. Vi ser ei ung kvinne, fatig klædd, bleik og veik og trøyt etter å ha født sitt fyrste barn. Ein gamall mann prøver å stella for henne so godt han kan. Og vi ser eit lite barn, sveipt i klutar, liggjande i ei krubbe. — Dette fatige vesle barnet er Guds son. Dette er verdsens frelsar som millionar skal tilbe som sin Gud, kongen og herren som tusen og millionar menneskje skal tena, domaren som skal døma livande og døde på den siste store dagen, trøystaren og hjelparen som menneskja skal sjå upp til i naud og sorg og død. Dette barnet er Gud sjølv, den ævelege, uendelige, allmektige.

Vi skynar: Dette er det underfulle, underet over alle under. Men ikkje berre med Jesu fødsel er det so. Heile hans liv er eit under. Tenk på hans mektige gjerningar, hans offer, død på krossen, Hans uppstoda og himmelferd. Og likeins det liv som han seinare har levt i si kyrkje, i Guds ord, i sakramenta. Under etter under! — Soleis er det jo med det guddomlege. Det er det underfulle, mysteriøse, løyndomsfulle, som går ut over alle menneskjetankar. Guds makt er endelaus og hans tankar og vegar er andre enn våre. »Gud, i heilagdom er din veg, kven er ein Gud stor som Gud.« »Du er den Gud som gjer under.« Men denne underfulle, allveldige Herre, — han er det som elsker oss, som i nåde kom til

oss i sin son, og som enno kjem i si kyrkje, i ord og sakrament, — for å hjelpa, frelsa, lyfta oss upp til seg.

Desse tre ting held joleevangeliet fram for oss: Det underfulle ved Gud, hans makt og hans kjærleik.

Kva skal då vi gjera? Vi høyrer at englane song den himmelske lovsongen då Jesus var fødd, og hyrdingane prisa Gud for det som var hendt, og vismennene fall på kne og tilbad. Her har vi svaret. Det som menneskjet må gjera ovanfor Guds under og makt og nåde, det er å *tilbede*. Når Herren kjem nær, må menneskjet på kne, i tilbeding, age og ærefrykt. Når eit menneskje tek til å sjå Guds velde og makt og Guds kjærleik og miskunn, — at han den ævelege bryr seg um oss som er mold og oske og inkjevetta, då må det bøygja seg i audmjuk takk og tilbeding.

Er det ikkje den store feilen med vår tids kristendom, at dette med tilbedinga er kome for mykje burt. Det er som um ikkje Gud men vi sjølve skulde vera det viktigaste ogso i kristenlivet, som um Gud skulde vera til for vår skuld og ikkje vi for Guds skuld, for å æra Gud. Ein gløymer at »Gud er Gud om alle land lå øde; Gud er Gud om alle mann var døde«. I staden for å tilbede vil ein tala og høyra andre tala. I gudstenesta vil ein leggja vekt berre på preika og ikkje på ritualet som er bøn og vedkjenning og tilbeding. I staden for å byggja på Guds lovnader har ein so lett for å trøysta seg til eigne gjerningar og kjenslor. I sakramentet tenkjer ein meir på eigne stemningar enn på Guds gjerningar. Og joleevangeliet tek ein so ofte som noko sentimentalt og gemytlegt, i staden for verdigt og underfullt.

Kva er det som må til, dersom den rette tilbedande ånd skal verta sterk i oss? Vi må verta små i oss sjølve. Da kan Gud Herren verta stas for oss. Ein må koma burt frå seg sjølv, då kan ein koma til Gud. »Sæle er dei fatige i ånda.« »Utan de vert som born, kan de ikkje koma inn i Guds rike.« »Eg lovar deg, fader, du som råder over himmel og jord, at du har løynt dette for dei lærde og kloke og openberra det for dei ulærde og barnlege.« »Dette er hard tale, dette er stride ord,« sa mange til Jesus

då han tala um nattverden (i Joh. 6.) Soleis og med desse ord av Jesus. Det er stride ord, men det er Guds ord. Gud er den store, vi er dei små. Gud er den sterke, vi er dei veike. Gud er den heilage og reine, vi er dei syndige og fortapte. Gud er den som gjev, vi er dei som må ta imot. Berre hans nåde er vår frelse og sæle.

Når dette vert levande for oss, då vil vi læra å tilbede Gud, den underfulle, veldige og nådige Gud, som er komen til oss i sin einbårne son.

»Kristus vår frelsar,

Gud i all æva,

son til Maria,

Han vere prisa

til æveleg tid.« Amen.

R. S.

Den kristne tro.

3. Gud er treenig.

En av de ting som Gud har lært oss om sig selv, er at han er treenig. Der er bare en Gud. Der er ikke flere guder, som hedningene tror. Der er kun en eneste Gud, den hellige og almektige Herre. Men i denne ene Gud er der 3 personer: Gud Fader, Guds sønn og Gud-den Helligånd. Faderen er Gud, Sønnen er Gud, den Helligånd er Gud; dog er der ikke 3 guder, men én Gud.

Vi ser dette i fortellingen om Jesu dåp. Jesus, Guds sønn, blev døpt av Johannes; den Helligånd kom over ham; Gud Fader talte fra himmelen. I innstiftelsesordene til dāpen sier Jesus at vi skal døpes til Faderens og Sønnens og den Helligånds navn, og i Joh. 14, 26 at Faderen skal sende den Helligånd i Sønnens, Jesu, navn. Atter og atter i Guds ord finner vi de 3 personer skilte fra hverandre og dog den ene og samme Gud.

Den athonasianske trosbekjennelse, som er gjeldende i alle avdelinger av den kristne kirke, undtagen den gresk-katolske, uttrykker troen på den treenige Gud således: Dette er den rette kristne tro, at vi tilbeder én Gud i tre personer og tre personer i én Gud, og ikke blander personene med hverandre og heller ikke adskiller det guddommelige vesen. En person er Faderen, en annen Sønnen, en annen den Helligånd, men Faderen og Sønnen og den Helligånd er én

eneste Gud, like i herlighet, like i evig majestet. Som Faderen er, således er Sønnen og således er den Helligånd. Faderen er ikke skapt, Sønnen er ikke skapt, den Helligånd er ikke skapt. Faderen er uendelig, Sønnen er uendelig, Ånden er uendelig. — Faderen er evig, Sønnen er evig, Ånden er evig; og dog er der ikke tre evige, men én evig. — — — — — Altså: Faderen er Gud, Sønnen er Gud, den Helligånd er Gud. Og dog er der ikke tre guder, men der en én Gud. — — — — — Og av disse tre personer er ingen den første, ingen den siste, ingen den største, ingen den minste. Men alle tre personer er med hverandre like evige, like store.

Det er jo klart at dette er noget som vi mennesker ikke kan forstå. Det er et mysterium, en hemmelighet som er ufattelig for våre tanker. Men vi kan jo heller ikke vente, at vi små mennesker skal kunne forstå den evige og uendelige Guds innerste vesen. Men vi tror at Gud er treenig, fordi Gud lærer oss det i sitt ord. Derfor bekjenner vi med hele den kristne kirke troen på den ene Gud i tre personer: Ære være Faderen og Sønnen og den Helligånd som var og er og forblir én sann Gud fra evighet og til evighet.



Våre døde.

31. oktober: Osten Jensson Nygard; e. karmann; f. 1853; alderdom.

I di hand står mine tider.

Salme 31, 16.

Notisar.

Doyppte: 27. oktober: Ragnhild, f. 22. aug. av f. Hans Matisson Bruvoll, Aalfot, og k. Ragna Olsdr. (f. Vik). — 3. nov. Audun Roald, f. 29. aug. av f. Leonhard Jonasson Midtbø, Berle, og k. Anna Andreasdr. (f. Øverland). — 3. nov. Edith Borgny, f. 22. sept. av f. Ivar Johansson Nygard, Syrhellen, og k. Solveig Pedersdr. (f. Kjørslevik). — 10. nov. Else Olfrid, f. 10. sept. av f. Peder Matisson Navekvien og k. Anna Knutsdr. (f. Solibakke).

Ektevigde: 23. okt. i Bremanger Martin Ulriksson Liset og Hilda Haldorsdr. Stavoy, Kinn. — 25. okt. i Volda Sigurd Tuesson Vingen og Magda Pedersdr. Tommerstøl. — 26. okt. i Rugsund August Berntsson Havnen og Hanna Bergesdr. Haukedal. — 21. nov. i Davik Rasmus Pedersson Bøen og Oleanne Samuelsdr. Førde, Breim.

Basar: Davik 3. nov. kr. 186.77, delt mellom heidningmisjonen og indremisjonen.

Til heidningmisjonen kom inn: Ved fest i Tytingvåg 1. nov. 28.10. — Utlodning i Hamnen ved Petra Hamnen 5. Gåve frå unemnd i Hamnen krins 5.

Til sjukerøktlaget kom inn: Kronerulling i Rugsund 2 kr. Maiblomar: Levdal 4, Aalfot 15. Dombestein 4. — Medlemspengar: Leirgulen 1, Dombestein 1. Fest i Aalfot 90. Basar i Kjølsdal 195.

Davik sokneråd har for 1936 valt oppatt til formann soknepresten, næstformann lærar Aardalsbakke, rekneskapsfører R. P. Daviknes, revisorar A. R. Daviknes og P. Drageset. Det vart fastsett desse ofringar i 1936: Til sjukerøktlaget 1. påskedag, til heidningmisjonen 1. pinsedag, til Menighetsfakultetet 1. joledag. Soknerådet gav sin beste studnad til søknad um å få byggja kapell i Kjølsdal og valde soknepresten og Knut Horn til å vera med i ei nemnd til å fyrebu denne saka. Soknerådet slutta seg til tanken um å skipa ei prostnemnd for Nordifjord prosti.

Pynting i Davik kyrkje. Ved jordeferd og brudevigse er det ofte at folk pyntar kyrkja med blomar og lauv. Fra kyrkjeverjen har det vore anka over at det ikkje alltid vert gjort skikkeleg reint i kyrkja etter slik pynting; lauv og rusk vert ofte liggjande att på golvet og i stolane. Soknerådet innprentar hermed, at dei som pyntar alltid må syta for at det vert gjort reint. Det må dei gjera straks etter den kyrkjelege handlinga og passa nøgje på at ingenting ligg att på golvet. Dersom dette ikkje vert gjort, lyt soknerådet ta opp til dryfting heilt å forbyda slik pynting.

Gudstenester:

4. sund. i advent, 22. des.: Rugsund.

1. joledag, 25. des.: Davik.

2. joledag, 26. des.: Rugsund.

Sund. etter jol, 29. des.: Totland.

Nyårsdag 1. jan.: Aalfot.

Kristi openb. sund., 5. jan.: Davik.

1. sund. etter Kr. openb., 12. jan.: Rugsund.

2. ———— 19. jan.: Totland.

1. joledag ofring til blindesaka, 2. joledag til innleggjing av elektrisk ljøs i Rugsund kyrkje, sund. etter jol til Santalmisjonen, nyårsdag til sjømannsmisjonen.

For 100 år sidan. Døde: 13. des. 1835 Jonet Jorgensdr. Wiig, karkone, 83 ar. 29. des. Hans Rasmussen indre Isene, torpakter, 38 ar, druknet. 18. des. Augustinus Olsen Falkeviig, karmann, 67 år. 18. des. Jochum Olsen Tytingvåg, karmann, 80 ar. — **Ektevigde:** 20. des. ungkarl og tjenestekarl Arne Wiig, 26 år, son til Michel Olsen, og Anne Levdaalsbakke, 28 ar, dotter til John Eliassen.

Legat. Av Gregorius Kjøllesdals legat vert gjeve hjelp til slike som misser krøter og har vanskeleg for å kjøpa seg noko i staden; legatet er berre

for folk i Davik sokn. — Arne Daviknes's legat gjev hjelp til sjuke i Davik sokn.

Døypenamn. Det skulde i grunnen vera sjølv-sagt, at norske born i regelen får norske namn. Det har jo kome seg mykje med dette i seinare tid, men enno brukar ein for mykje framande. I 1934 var her i prestegjeldet døypt 55 born. Av desse fekk 35 **norske namn**: Karl, Ragnar, Olav (3 born), Bjarne, Arnfinn, Kåre, Harald, Jostein, Alf, Sverre, Audun, Ivar, Håkon, Sigurd, Per (den norske form av Petrus), Jon (den norske form av Johannes), Ingrid, Ragnhild (2), Asbjørg, Bjørg, Aud (2), Alvhild, Jorunn, Reidunn, Valborg, Halldis, Solveig, Oddrun, Sølfrid, Liv, Astrid. — 20 fekk **utanlandske namn**: Hans (tysk), Johan (2; tysk), Andreas (gresk), Kristen (dansk-latinsk), Martines, Martin (latinsk), Mindor (?), Anna (3; bibelsk), Karolina (latinsk), Malena (av bibelsk Magdalena), Johanne (2; bibelsk), Kirsten (2) og Kirsti (av latinsk Kristina), Nora (av latinsk Eleonora), Marie (bibelsk).

Kvittering for kontingent: Davik: Furer Davik 3 kr.; Johan Frimannslund 4; Marie Bakke, Helga Lien 2; Marta Isene 2.50. — Aalfot: Ole H. Myklebust 3. — Isane: R. Isehaug 2. Dombestein: Kristine Dømmesten, Martinus Dømmesten 2. — Rugsund: Samson Strømnen, Johan Olsbø 2. — Kjølisdal: Jonas Eikas 3, Olav Nave 2.50. — Endal: Lærer Aardalsbakke 5. — Utanbygds: Aletta Hundvik, Nordfjordeid, 1.

Hjarteleg takk til alle.

Misjonsarbeidet.

Rådslagningsmøtet for det Norske Misjonsselskap uttaler i en skrivelse til alle misjonsvenner bl. a. følgende:

Ute på våre misjonsmarker er muligheten for fremgang fremdeles i rik mon til stede. Vi står ennu ovenfor behov som vi hittil ikke har kunnet imøtekomme. Samtidig er resultatene av arbeidet i det forløpne år meget opmuntrende. De viser at i en tid da så meget vakler, står Herrens løfter fast. Over 8000 sjele blev ved dåpen lagt til menigheten og skaren av de kristne på våre 6 misjonsmarker er nu over 130 000. De selvhjelpsbestrebelse som nu i flere år har pågått i våre hedningekristne menigheter innbragte ifjor henimot 260 000 kroner, et gledelig resultat når man tenker på de yderst kummerlige kår som de fleste av våre kristne derute lever i.

Arbeidets utvikling har imidlertid stillet nye oppgaver. Utviklingen er et uttrykk for at Gud har vedkjent sig gjerningen, og denne velsignelse melder sig som et kall. —

Kretsmøtene i sommer har svart ja til dette kall, og misjonsvennene har understreket dette ja ved å øke inntektene ganske betydelig. Guds svar på misjonsvennenes bønner om at arbeidet ikke må gå tilbake, er underveis. Vi har derfor besluttet å oprettholde arbeidet på våre misjonsmarker uavkortet. På den annen side vil vi gjøre våre venner oppmerksom på at våre utgifter på grunn av forhold som allerede vil være misjonsvennene kjent, og som vi ikke er herrer over, fremdeles er stigende og at det derfor vil være nødvendig å få våre inntekter øket også i 1936. — Kun da kan våre misjonsmarker få de midler som de har bedt om, og som de har ansett som uomgjengelig nødvendige, dersom arbeidet ikke skal innskrenkes. — Dette tror vi også skal lykkes, så sant den åndelige fornyelse som vi gjennom flere år har kunnet glede oss ved, fremdeles vil fortsette. La derfor dette være vår daglige bønn til Gud, og la oss hver enkelt be om at fornyelsen fremfor alt må finne sted hos oss selv. La det også være et emne for våre bønner, at de store muligheter som vi står ovenfor på alle våre misjonsmarker, må bli et kall til nye venner om i troens lydighet å være med på å oppfylle Jesu vilje: å gjøre alle folk til hans disipler. »Han er trofast som har kalt oss, han skal og gjøre det.« Fra N. Mis.tid.

Nattverd.

(Tone: Nar mitt øie — —)

Heilag Ande, sannings tempel,
 bu du inn hjarta mitt.
 Set på meg det guddomsstempel
 at eg er fra syndi kvitt.
 Reins meg du ved Jesu blod,
 at eg stend for Gud fullgod.

Eg hev synda, sårt og lenge
 gjekk eg på den ville veg.
 Men du braut ned alle stenge
 då du gav deg sjølv for meg.
 No eg kjem og gjerer bot,
 frels meg, Jesu, ved ditt blod.

So eg lyfta vil mitt auge
 opp til Gud, min Fader stor,
 takka han for nådelauget,
 taka honom på hans ord.
 Gjerningi han sjølv tok til,
 han til siger føra vil.

Johanne Bakke.